

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Ina Giil Solheim

Telefon: 91888890

Vår referanse: 18/7982

Dykkar 15/4199 - 18/15323

referanse:

Dato: 30.05.2018

Lindås kommune Hordaland - Høyring for mindre endring av reguleringsplan Bjørsvik landbasert akvakulturanlegg - Uttale

Vi viser til brev frå Lindås kommune datert 11.05.2018 om ovannemnde sak.

Om saka

Lerøy Vest har søkt om endring av reguleringsplan Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg. Byggegrensa i gjeldande plan må regulerast for å kunne forlenge hall B, som er under bygging, og dette må gjerast gjennom ei mindre reguleringsendring.

Rolle, ansvar og medverknad

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Uttale frå Fiskeridirektoratet region Vest

Vi har ikkje særlege merknadar til mindre endring av reguleringsplanen, men vi gjer merksam på at det er registrert eit gytefelt for torsk i Osterfjorden som er verdisett til regionalt viktig. Det er viktig at utfyllingsaktivitet i sjø vert avgrensa i gytetida til torsken, som i hovudsak er frå januar til og med april. Avbøtande tiltak bør nyttast for å avgrense spreieing av partiklar. Dette bør difor takast inn i føresegnene til reguleringsplan Bjørsvik.

Fiskeridirektoratet region Vest ber om kopi av vedtak i saka.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ina Giil Solheim
inspektør

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ